



**DET KONGELEGE  
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT**

Innovasjon Norge  
Postboks 448 Sentrum  
0104 OSLO

Dykkar ref

Vår ref  
13/698-

Dato  
03.02.2014

### Oppdragsbrev til Innovasjon Norge for 2014

Landbruks- og matdepartementet viser til Prop. 1 S (2013-2014) frå LMD og prop. 1 S tillegg 1: Endring av prop. 1 S (2013-2014) statsbudsjettet 2014, samt Innst. 8 S (2013-2014). Gjennom dette oppdragsbrevet gir Landbruks- og matdepartementet rammer og føringar til Innovasjon Norge for forvaltning av midlar over kap. 1149, kap. 1150 og kap. 1151.

## 1. OVERSIKT OVER LØYVINGAR STILT TIL DISPOSISJON FOR 2014

For 2014 stiller departementet gjennom statsbudsjettet følgjande midlar til disposisjon for Innovasjon Norge:

<b>Kap.</b>	<b>Post</b>	<b>Namn</b>	<b>Beløp mill. kr</b>
1149	71	SKOG22	1,5
1149	72	Trebasert innovasjonsprogram	25,0
1149	73	Skog, klima- og energitiltak	6,0
1149	74	Bioraffineringsprogrammet	5,0
1150	50	BU-midlar til bedriftsretta tiltak <sup>1</sup>	513,0
1150	50	Sentrale BU-midlar, tilskot nasjonale prosjekt	8,0
1150	50	Utv. program for lokalmat og grønt reiseliv	63,0
1150	50	Bioenergiprogrammet	25,0
1151	50	Reinprogrammet	8,2

Oversikta inkluderer også midlar til administrasjons- og gjennomføringskostnader med ordningane. Særskilt omtale av dette går fram under punkt 6.1.

<sup>1</sup> Sjå vedlegg for fylkesvis fordeling.

## **2. MÅL FOR INNOVASJON NORGE OG ANDRE FELLESFØRINGAR**

I Meld. St. 22 (2011 – 2012) Verktøy for vekst – om Innovasjon Norge og SIVA SF, vart det fastsett ein ny målstruktur for Innovasjon Norge. Vi syner til oppdragsbrevet frå Nærings- og fiskeridepartementet for 2014 for fellesføringar på dette området.

## **3. PRIORITERINGAR I OPPDRAGET FRÅ LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENTET**

Av Meld. St. 9 (2011-2012) Landbruks- og matpolitikken og Prop. 1 S (2013-2014) går det fram at dei overordna måla for landbruks- og matpolitikken er matsikkerheit, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk. Den nye regjeringa si politiske plattform legg m.a. vekt på at det skal skapast eit levedyktig landbruk ved å styrke moglegheita for verdiskaping, og at det bør satsast på alternativ næringsutvikling for å gje grunnlag for ein meir robust og framtidsretta landbruksproduksjon over heile landet. Vi syner og til at regjeringa vil utarbeide ein heilskapleg strategi for verdikjeda knytt til skogbruket.

Innovasjon Norge sine delmål om fleire gode gründerar, fleire vekstkraftige bedrifter og fleire innovative næringsmiljø, er viktige for å nå måla innanfor landbruks- og matpolitikken. I det enkelte oppdrag vil vektninga av dei tre delmåla variere. Departementet syner til omtale av dei enkelte ordningane for ei nærmare skildring av ambisjonar for måloppnåing knytt til selskapet sin målstruktur.

Departementet forventar elles at Innovasjon Norge orienterar seg i relevante dokument og proposisjonar på landbruks- og matområdet i selskapet sitt arbeid med landbruksbasert næringsutvikling.

## **4. NÆRMARE OM DEI ENKELTE POSTANE OG ORDNINGANE**

### **4.1 Ordningar under kap. 1149**

Innovasjon Norge bør prioritere hovudtynga av innsatsen knytt til ordningane under kapittel 1149 opp mot selskapet sitt delmålet om fleire vekstkraftige bedrifter. I tillegg bør fleire gode gründerar, særskilt i form av fleire levedyktige oppstartsbedrifter vere eit prioritert innsatsområde. For Trebasert innovasjonsprogram og for midla under post 74, er delmålet om fleire innovative næringsmiljø viktig.

#### *Tilskot til infrastruktur- og verdiskapingstiltak i skogbruket*

Det vert løyvd 1,5 mill. kroner frå kap. 1149, post 71, som bidrag til å dekkje kostnader Innovasjon Norge vil ha som vertskap for sekretariatet for SKOG22. Strategigruppa for SKOG22 skal skissere aktuelle tiltak for å realisere det store verdiskapingspotensialet som ligg i auka berekraftig bruk av skogressursane, irekna ein gjennomgang av moglegheiter og marknadspotensial som ligg i utvikling av nye produkt og produksjonsmåtar. Strategigruppa

er breitt samansett med personar frå heile verdikjeda. Departementet forventar at Innovasjon Norge gjennom sekretariatet legg til rette for at gruppa skal lukkast med å leggje fram forslag til ein heilskapleg strategi for verdikjeda knytt til skogbruket.

#### *Trebasert innovasjonsprogram*

Det vert løyvd 25 mill. kroner frå kap. 1149, post 72, til Trebasert innovasjonsprogram i 2014. Programmet er ein viktig del av regjeringa sin politikk for auka verdiskaping med basis i skogressursane. Viktige føringar for programmet er lagt i strategi for Trebasert innovasjonsprogram frå 2013. Programmet skal bidra til auka verdiskaping og konkurransekraft i den trebearbeidande industrien. Viktige satsingsområde for programmet i 2014 er knytt til situasjonen og utviklingsbehova i byggsektoren, og å bidra til at entreprenørar, byggherrar, og andre som legg premisser for val av materiale i nybygg har kunnskap om tre som bygningsmateriale. Det skal leggjast vekt på bedriftsretta tiltak og prosjekt som utviklar treet sitt bruksområde, til dømes i urbane byggeri.

Departementet ber om ein oppdatert kommunikasjonsplan for 2014. Dokumentasjon og formidling av oppnådde resultat er ei viktig oppgåve for programmet.

#### *Skog, klima- og energitiltak*

For 2014 vert det løyvd 6 mill. kroner frå kapittel 1149, post 73 skog-, klima- og energitiltak. Løyvinga skal gå til bioenergiprojekt i tråd med føringane i supplerande oppdragsbrev av 16. april 2009. Midla skal hovudsakleg nyttast til dei same målområda som gjeld for Bioenergiprogrammet. Midla kan også nyttast til investeringsstøtte til flisproduksjonsutstyr. Dersom Innovasjon Norge ser det som formålsteneleg som del av ein heilskapleg bioenergipolitikk, kan det gjevast støtte til prosjekt utover Bioenergiprogrammet si målgruppe.

#### *Bioraffineringsprogrammet*

Det er oppretta ein ny post 74 for tiltak for industriell bruk av trevirke. For 2014 vert det løyvd 5 mill. kroner til Innovasjon Norge sitt program for industriell bioraffinering. Programmet skal gje tilskot til å utvikle teknologi, demonstrasjonsanlegg, produkt, nettverk og marknadskunnskap og tilby risikoavlasting.

## **4.2 Ordningar under kap. 1150, post 50**

Ordningane under Landbrukets utviklingsfond (LUF) omfattar verkemidlar innanfor næringsutviklings- og miljøtiltak.

Innovasjon Norge bør prioritere hovudtynga av innsatsen sin innanfor dei fylkevisse BU-midla opp mot selskapet sitt delmål om fleire vekstkraftige bedrifter, der ambisjonane om auka produktivitet og lønnsemd i bedrifter er særskilt viktig. I tillegg bør fleire gode gründerar, særskilt i form av fleire levedyktige oppstartsbedrifter vere eit prioritert innsatsområde.

Innanfor dei sentrale BU-midla bør i tillegg delmålet om fleire innovative næringsmiljø vektleggast.

Det overordna målet med BU-midla er å legge til rette for langsiktig og lønnsam verdiskaping, samt desentralisert busetnad med utgangspunkt i landbruket sine ressursar generelt og landbrukseigedomen spesielt.

#### *BU-midler til bedriftsretta tiltak*

Det er løyvd 528 mill. kroner over kapittel 1150 post 50 til fylkesvise BU-midler til bedriftsretta tiltak i 2014, av desse vil 513 mill. kroner forvaltast av Innovasjon Norge. Dei fylkesvise BU-midla til bedriftsretta tiltak er det viktigaste verkemiddelet over jordbruksavtala for å fremme investeringar i landbruket. Midla skal bidra til utvikling både innanfor tradisjonelt landbruk og bygdenæringar.

Forskrift om midlar til bygdeutvikling skal leggast til grunn for forvaltninga av dei tildelte midla, samt føringar gitt i Prop. 164 S (2012-2013) *Jordbruksoppgåret 2013*, og brev av 8. november 2012 om nasjonale føringar for arbeidet med Regionale bygdeutviklingsprogram. Vi syner også til Fullmaktsbrev til Fylkesmannen for 2014. Innovasjon Norge vil som tidlegare år få eigne oppdragsbrev frå fylkesmennene som beskriv korleis dei bedriftsretta BU-midla skal forvaltast.

Med bakgrunn i auka investeringskostnader for bygningar og generell prisvekst, er satsane for tilskot til investeringar auka med verknad frå 2014. Grensa for maksimalt tilskot til investeringar er heva frå 900 000 til 1 mill. kroner, med unntak av Finnmark, Troms, Nordland og Namdalen, der det ikkje er eit øvre tak for tilskot. Maksimal prosentsats for tilskot er auka frå 30 prosent til 33 prosent av kostnadsoverslaget for investeringa.

Utlånsramma for lån med rentestøtte vidareførast med ei ramme på 1000 mill. kroner i 2014. 966, 7 mill. kroner av denne låneramma forvaltast av Innovasjon Norge. I brev av 30. september 2013 blei det gjort ei omfordeling av rentestøtte mellom fylka med bakgrunn i at nokre fylke hadde stort omfang av udisponerte midlar, medan andre hadde vesentlig mindre midlar tilgjengeleg, samt forventa behov resten av året. I løpet av 2014 vil det bli gjort ein tilsvarande gjennomgang, med tanke på omfordeling.

I søknader om investeringstilskot til driftsbygningar er det viktig å ta høgde for tilstrekkeleg gjødsellagerkapasitet, jf Prop. 164 S *Jordbruksoppgåret 2013*. Departementet vil også gjere merksam på ein ny rapport frå Bioforsk ”Mengd utskilt husdyrgjødsel – forslag til nye standardtal” (Vol. 8 Nr 109 2013) som vil vere relevant når nye gjødsellager skal dimensjonerast.

Innovasjon Norge må følgje opp kvalitetssikringa av planar i samband med finansiering av driftsbygningar i landbruket og sjå til at planane blir følgde.

Innovasjon Norge har vidare ansvaret for utveljing og tildeling av dei årlege nasjonale og fylkesvise bygdeutviklingsprisane.

### *Sentrale BU-midler – nasjonale prosjekt og satsingar*

I 2014 får Innovasjon Norge ansvar for 8 mill. kroner som skal gå til prosjekt av nasjonal og fylkesovergripande karakter med innovasjon og næringsutvikling som mål, irekna utviklingstiltak innanfor Inn på tunet.

Landbruks- og matdepartementet legg til grunn at Innovasjon Norge kunngjer midla, samt forvaltar ordninga i tråd med statens økonomiregelverk og gjeldande regelverk for statsstøtte. Det forventast at det framover vert jobba meir aktivt med å få opp gode prosjekt.

### *Utviklingsprogrammet for lokalmat og grønt reiseliv*

Innovasjon Norge bør prioritere hovudtynga av innsatsen sin på dette området opp mot delmålet om fleire vekstkraftige bedrifter. I tillegg bør fleire gode grunderar, særskilt i form av fleire levedyktige oppstartsbedrifter vere eit prioritert innsatsområde. Innanfor delmålet om fleire innovative næringsmiljø bør ambisjonane om innovative og vekstkraftige regionar og meir samarbeidsorienterte bedrifter vektleggast.

I 2014 skal Innovasjon Norge forvalte 63 mill. kroner av løyvinga til Utviklingsprogrammet for lokalmat og grønt reiseliv.

Utviklingsprogrammet skal bidra til auka verdiskaping for bedrifter innanfor grønt reiseliv og lokalmat, samt utnytte potensialet for synergiar mellom dei to næringane. Målgrupper er matverksemdar, reiselivsbedrifter og nettverk som ynskjer å utvikle tilbod innan mat, overnatting, servering, innlandsfiske og natur- og kulturbaserte aktivitetar og opplevingar. Arbeidet i 2014 skal baserast på føringar frå programmet si styringsgruppe, irekna programnotatet. Departementet ber om at Innovasjon Norge held fram innsatsen med å integrere dei ulike områda i Utviklingsprogrammet.

Landbruks- og matdepartementet ber Innovasjon Norge om å sikre at Utviklingsprogrammet for lokalmat og grønt reiseliv blir marknadsført på ein måte som sikrar pågang av relevante og gode prosjektsøknader. Formidling av resultat frå avsluttande prosjekt både til næringa og relevante aktørar er sentralt.

Samarbeidet med Mattilsynet om å forsterke kompetanseheving retta mot småskalaproduksjon og mattryggleik er framleis viktig og må vidareførast. Det same gjeld samarbeidet i det regionale partnarskapet, som må vidareutviklast.

Innanfor Lokalmatprogrammet er det etablert ei tilskotsordning til kompetanse og regionale kompetansenav. Ordninga forvaltast av Innovasjon Norge som også har ansvar for nasjonal koordinering og styring av kompetansenava. Vi syner til foreløpig oppdragsbrev til Innovasjon Norge av 22.11.2013 for oversikt over institusjonane som har fått rolla som regionale kompetansenav.

Departementet ber om at Innovasjon Norge framleis samarbeider med Matmerk for å vidareutvikle programpiloten for marknadstenester slik at tenesta blir godt koordinert og samordna med øvrig kompetansearbeid på matområdet.

### *Nasjonal og internasjonal profilering på matområdet*

Internationale Grüne Woche (IGW) er den største markeringa av norsk mat og reiseliv i utlandet som Landbruks- og matdepartementet er involvert i og arrangementet får stor merksemd frå media. Messedeltakinga har utvikla seg til å bli ein funksjonell arena for politiske møte og dialogmøtar med næringslivet. IGW er også eit viktig verktøy for å etablere nettverk mellom næringslivsaktørar og bygge opp eit regionalt samarbeid på mat og reiselivsområdet. Innovasjon Norge har det operative ansvaret for prosjektet i tett dialog med departementet.

I 2014 skal Innovasjon Norge, i tråd med konklusjonane frå statsrådets næringslivsdelegasjon til IGW, koordinere arbeidet med ein nasjonal konferanse for regionale mat- og reiselivsnettverk. Vi ber om at forslag til opplegg for gjennomføringen utarbeides i dialog med departementet.

Matstreif er ein viktig arena for å synleggjere mangfaldet av norsk lokalmat. Innovasjon Norge har det operative ansvaret for gjennomføring av matfestivalen. Landbruks- og matdepartementet ber Innovasjon Norge om å involvere andre sentrale aktørar i verdikjeda for matproduksjon i planlegging og gjennomføring av arrangementet. Prosjektet skal organiserast med ei styringsgruppe. Det må arbeidast for meir ekstern medfinansiering av både Matstreif og IGW.

Innovasjon Norge bes også om å bidra til å vidareutvikle samspelet mellom områda fisk, landbruk og reiseliv, samt bidra i arbeidet med Ganefart 2014. Innovasjon Norge representerer Noreg i styringsgruppa for det nordiske prosjektet Ny nordisk mat. Arbeidet må sjåast i samband med anna aktivitet på matområdet i Noreg.

### *Bioenergiprogrammet*

Innovasjon Norge bør prioritere hovudtynga av innsatsen sin på dette området opp mot delmålet om fleire vekstkraftige bedrifter. I tillegg bør fleire gode gründerar, særskilt i form av fleire levedyktige oppstartsbedrifter vere eit prioritert innsatsområde.

Det er for 2014 avsett 25 mill. kroner til Bioenergiprogrammet sin nasjonale del over Landbrukets utviklingsfond (LUF).

Landbruks- og matdepartementet legg elles til grunn at programmet vidareførast med basis i dei same hovudmåla som for 2013, irekna vektlegging av klima- og energivinstane. Departementet syner elles til brev av 8. november 2012 som presiserer ansvarsdelinga for forvaltninga av bioenergimidla mellom regionalt og nasjonalt nivå.

Biogassprosjektar skal vurderast med utgangspunkt i dei vanlege energi- og lønnssemiskriteria. Utover dette skal også ein heilskapleg miljøgevinst av biogassprosjekta tillegast vekt.

Landbruks- og matdepartementet legg til grunn at Innovasjon Norge sikrar samordning mot ENOVA på bioenergiområdet, samt utnyttar kompetansen og nettverket fylkesmennene og fylkeskommunane har på bioenergiområdet for å sikre ei koordinert bioenergisatsing under dei regionale næringsprogramma Innovasjon Norge bør også framover legge vekt på å sikre tilfredsstillande aktivitet i alle fylker.

### **4.3 Ordningar under kap. 1151, post 50**

Dei økonomiske verkemidla under Reindriftens Utviklingsfond skal bidra til å utvikle reindriftsnæringa i samsvar med dei reindriftspolitiske måla.

#### *Reinprogrammet*

Innovasjon Norge bør prioritere hovudtynga av innsatsen sin på dette området opp mot delmålet om fleire vekstkraftige bedrifter. I tillegg bør fleire gode grunderar, særskilt i form av fleire levedyktige oppstartsbedrifter vere eit prioritert innsatsområde.

Over Reindrifftsavtala 2013/2014 kapittel 1151, post 51 er det avsett 8,2 mill. kroner til Reinprogrammet for driftsåret 2013/2014.

Strateginotatet for reinprogrammet skal elles leggjast til grunn for styringa og forvaltninga av programmet. Med bakgrunn i dei siste års utvikling i reinkjøttmarknaden samt statusen hjå VSP-rein sine kundar, er det avgjerande viktig at desse bedriftene i det vidare får ei særskilt og individuell oppfølging. Dette gjeld særleg forhold som kompetanseheving og rettleiing knytt til forretningsdrift, marknadskompetanse, nettverksbygging og produktutvikling. Reiselivsbasert næringsutvikling i reindrifta, samt samarbeidstiltak mellom reindrifta og foredlingsbedrifter skal inngå i programmet.

Styringsgruppa for programmet handsamar spørsmål av overordna og strategisk karakter. Styringsgruppa kan også vedta fordeling av budsjettammer for dei enkelte delområda, samt visa retning for bruk av midlar innanfor områda. Innovasjon Norge er sekretariat for styringsgruppa og har ansvaret for å setje i verk og følgje opp styringsgruppa sine tiltak og prioriteringar.

Departementet ber om at Innovasjon Norge prioriterer og legg til rette for at aktivitetane i programmet blir koordinert, samt sikrar gode rutinar for oppfølging og kontroll. Utover at det vert lagt stor vekt på nasjonal forankring av programmet er det viktig at det er lagt til rette for eit samarbeid med lokalmat- og reiselivssatsinga i Innovasjon Norge generelt. For å sikre best mogleg effekt av midla til Reinprogrammet er det også sentralt at programmet vert sett i samband og koordinert med aktivitetar over Reindriftens utviklingsfond og Sametinget sine ordningar.

### **4.4 Kap. 2421 (NFD) Lågrisikolåneordninga- lån til landbruksføremål**

Innovasjon Norge kan som tidlegare gje lån til landbruksføremål innanfor ramma for Lågrisikolåneordninga til både næringsføremål og bustadføremål. Det er viktig at Innovasjon Norge i si rapportering og statistikkføring framleis opprettheld eit skilje mellom bustadføremål og næringsføremål.

## 5. ADMINISTRATIVE FELLESFØRINGAR

Departementet viser til dei administrative fellesføringane i oppdragsbrev for 2014 frå Nærings- og handelsdepartementet, irekna føresetnader og krav samt føringar knytt til administrative forhold, rapportering og evaluering.

## 6. DEPARTEMENTSSPESIFIKKE ADMINISTRATIVE FØRINGAR

### 6.1 Administrasjons- og gjennomføringskostnader

Den enkelte oppdragsgjevar skal dekke alle administrasjons- og gjennomføringskostnader utover basiskostnadane for sine oppdrag, med unntak for aktivitetar som skal vere sjølvfinansierande. Selskapet sine basiskostnader vert dekkja av løyvinga over Nærings- og handelsdepartementet sitt budsjett kap. 2421, post 70. Selskapet sine låne-, garanti, og fondsordningar skal kvar for seg, vere sjølvfinansierande og dekke sine totale administrasjons- og gjennomføringskostnader.

For ordningar som Innovasjon Norge forvaltar for Landbruks- og matdepartementet skal administrasjons- og gjennomføringskostnadane spesifiserast på kvart program/ordning. Departementet syner til ei meir detaljert omtale av dette i brev til Innovasjon Norge frå Landbruks- og matdepartementet av 13.1.2011. Vi presiserer elles at andre driftskostnader knytt til ordningane som t.d. trykksaker og kjøp av konsulenttenester, skal rapporterast som projektkostnader og skal dekkast innanfor dei enkelte ordningane. Rapport for administrasjons- og gjennomføringskostnader skal vere klart til kvart styringsmøte mellom Landbruks- og matdepartementet og Innovasjon Norge. Dersom rådgjevingstenester og tilretteleggande verksemd inngår i administrasjons- og gjennomføringskostnadane, skal dette gjerast greie for i årsrapporten.

Departementet har gjort ein gjennomgang av rammene for administrasjons- og gjennomføringskostnader for 2014. Fordelinga går fram av tabellen under. Når det gjeld dekking av departementet sin andel av kundeeffektundersøkinga ber vi om at utgifta blir trekt frå ramma til dei største ordningane hhv; 600 000 kroner frå BU-ordninga, 100 000 kroner frå Utviklingsprogrammet for lokalmat og grønt reiseliv, og 100 000 kroner frå Trebasert innovasjonsprogram.

<b>Ordningar og oppdrag</b>	<b>Administrasjons- og gjennomføringskostnader</b>
BU-ordningar inkl. sentrale BU-midlar	40,9
Utv. programmet for lokalmat og reiseliv	8,4
Trebasert innovasjonsprogram	5,1
Skog22	1,5
Bioraffineringsprogrammet	0,5
Bioenergiprogrammet	3,9
Reinprogrammet	1,5
LMDs andel av kundeeffektundersøkinga	0,8
<b>Sum alle oppdrag</b>	<b>62,6</b>



Innovasjon Norge får høve til å sjå rammene for administrasjons- og gjennomføringskostnader for ordningane under Kapittel 1149 og Bioenergiprogrammet i samanheng, slik at kostnadane for det enkelte program er tilpassa behovet Innovasjon Norge identifiserer i løpet av året. Det vert lagt til grunn at total ramme ikkje overstig summen av rammene og at Landbruks- og matdepartementet vert haldne orientert om eventuelle justeringar.

Administrasjons- og gjennomføringskostnadane til gjennomføringa av IGW og Matstreif skal trekkjast frå løyvinga til Utviklingsprogrammet for lokalmat og reiseliv, og kjem i tillegg til kostnadane for programmet som er synleggjort i tabellen ovanfor. Årlege budsjett over projektkostnadane skal godkjennast av Landbruks- og matdepartementet etter innspel frå styringsgruppa.

## **6.2 Andre administrative føringar**

### *Samarbeid gjennom det regionale partnerskapet og andre aktørar*

Det er viktig at Innovasjon Norge sitt distriktskontor, næringsorganisasjonane, fylkesmennene og fylkeskommunane har ein god dialog for å sikre gjensidig forankring og prioritering av innsats på landbruks- og matområdet regionalt og lokalt. Arbeidet med regionale bygdeutviklingsprogram forsterkar behovet for samarbeid. Departementet syner til omtale av områderetta innsats i Prop. 164 S (2012-2013), og ber Innovasjon Norge bidra i arbeidet med arktisk landbruk og fjellandbruket i dei aktuelle fylka. Innovasjon Norge skal framleis styrke kommunane som fyrstelinje innanfor næringsutvikling og entreprenørskap som ein del av samarbeidet i det regionale partnerskapen.

Det må vidare sikrast at distriktskontora har tilstrekkelig kunnskap og kompetanse innanfor dei ulike programma, slik at programma og tiltaka held god kvalitet.

For å sikre at verkemidlar vert sett i samanheng bør det elles samarbeidast med Noregs forskingsråd, SIVA og andre relevante aktørar der det er naturleg. Særleg legg departementet til grunn at Innovasjon Norge og SIVA vidareutviklar samarbeidet med omsyn til å lyfte fleire gründerar og vekstbedrifter innan dei landbruksbaserte næringane.

### *Kvinner som målgruppe*

Departementet ber Innovasjon Norge arbeide vidare for å auke delen kvinner i styrer og leiing for verksemdar som mottek støtte, samt synleggjere statistikk knytt til utviklinga innanfor aktuelle program og tenester.

### *Overføring av midlar*

Statens landbruksforvaltning har det administrative hovudansvaret for Landbrukets utviklingsfond (LUF), jf. St.prp. nr.1 Tillegg nr. 3 (1999-2000). For ordningar under LUF som forvaltaast av Innovasjon Norge, er det lagt opp til periodisk overføring (4-6 gonger per år) av midlar frå fondet. Administrasjons- og gjennomføringskostnadane til kvar ordning utbetalast separat frå resten av ramma til ordninga. Innovasjon Norge utbetalar og fører

regnskap for tilskot/lån og mottek og fører rekneskap for inntekter frå avdrag på lån. Innovasjon Norge må vidareføre si kontakt med Statens landbruksforvaltning når det gjeld rekneskap og overføring av midlar.

Når det gjeld Reinprogrammet skal det også leggest opp til periodisk overføring av midlar frå Reindriftsforvaltninga til Innovasjon Norge (2 gonger per år). Utbetalinga vil skje etter utbetalingsanmodning frå Innovasjon Norge. Innovasjon Norge må sjå til at gitte tildelingar til Reinprogrammet, irekna midlar til administrasjon, er innanfor ramma av vedtatt tildeling, og elles at dei tildelingane som vedtas over Reinprogrammet oppfyller programmet sitt formål og andre krav som vert stilt.

### *Rapportering*

Det skal rapporterast på bruken av midla i tråd med rapporteringskalender frå Nærings- og fiskeridepartementet. For bruken av BU-midlar skal det som tidlegare år sendast ein eigen rapport frå Innovasjon Norges distriktskontor til Fylkesmannen på bruken av dei bedriftsretta BU-midla i fylket innan 1.2.2015. Rapporten skal vurdere verkemiddelbruken i forhold til regionalt næringsprogram. Departementet vil elles presisere at Innovasjon Norge ikkje lenger treng å rapportere til departementet på bruken av BU-midlar forvalta av Fylkesmannen og regionane Valdres og Nord-Gudbrandsdalen.

For bruken av dei sentrale BU-midla ber vi om at Innovasjon Norge i sin årsrapport gir ei oversikt over kva prosjekt som har fått støtte, samt mål med prosjekta. Vi ber også om ei heilskapleg vurdering av korleis bruken av midla bidreg til å nå måla innanfor BU-ordninga.

### *Kontaktmøter*

Neste halvårsmøte mellom Landbruks- og matdepartementet og Innovasjon Norge er avtalt til 27.5.14. I tillegg til halvårsmøta vil Landbruks- og matdepartementet vidareutvikle kontaktutvalet mellom departementet, Fylkesmannen, fylkeskommunen og Innovasjon Norge. Møter vil bli haldne etter behov.

Med helsing

Anne Marie Glosli (e.f.)  
ekspedisjonssjef

Kristin Orlund  
avdelingsdirektør

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikkje handskrive signaturar*

**Vedlegg:** Fylkesvis fordeling av BU-midlar til bedriftsretta støtte

Fylkesmannen i Aust-Agder	Postboks 788 Stoa	4809	ARENDAL
Fylkesmannen i Buskerud	Grønland 32	3007	DRAMMEN
Fylkesmannen i Finnmark	Statens hus	9815	VADSØ
Fylkesmannen i Hedmark	Postboks 4034	2306	HAMAR
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Fylkesmannen i Nordland	Moloveien 10	8002	BODØ
Fylkesmannen i Nord-Trøndelag	Postboks 2600	7734	STEINKJER
Fylkesmannen i Oppland	Postboks 987	2626	LILLEHAMMER
Fylkesmannen i Oslo og Akershus	Postboks 8111 Dep	0032	OSLO
Fylkesmannen i Rogaland	Postboks 59	4001	Stavanger
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Fylkesmannen i Sør-Trøndelag	Statens Hus	7468	TRONDHEIM
Fylkesmannen i Telemark	Postboks 2603	3702	SKIEN
Fylkesmannen i Troms	Postboks 6105	9291	TROMSØ
Fylkesmannen i Vest-Agder	Postboks 513 Lundsiden	4605	KRISTIANSAND S
Fylkesmannen i Vestfold	Postboks 2076	3103	Tønsberg
Fylkesmannen i Østfold	Postboks 325	1502	MOSS
Akershus fylkeskommune	Postboks 1200 Sentrum	0107	OSLO
Aust-Agder fylkeskommune	Postboks 788 Stoa	4809	ARENDAL
Buskerud fylkeskommune	Postboks 3563	3007	DRAMMEN
Finnmark fylkeskommune	Fylkeshuset	9815	VADSØ
Hedmark fylkeskommune	Postboks 4404	2325	HAMAR
	Bedriftssenteret		
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset - Postmottak	6404	MOLDE
Nordland fylkeskommune		8048	BODØ
Nord-Trøndelag fylkeskommune	Postboks 2560	7735	STEINKJER
Oppland fylkeskommune	Postboks 988	2626	LILLEHAMMER
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130 Sentrum	4001	STAVANGER
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Askedalen 2	6863	LEIKANGER
Sør-Trøndelag fylkeskommune	PB 2350 Sluppen	7004	TRONDHEIM
Telemark fylkeskommune	Postboks 2844	3702	SKIEN
Troms fylkeskommune	Postboks 6600	9296	TROMSØ
Vest-Agder fylkeskommune	Serviceboks 517 Lund	4605	KRISTIANSAND S
Vestfold fylkeskommune	Svend Foyns gt 9	3126	TØNSBERG
Østfold fylkeskommune	Postboks 220	1702	SARPSBORG
Valdres Natur- og Kulturpark	Skrautvålsvegen 77	2900	FAGERNES
Regionrådet Nord-	Skansen 7	2670	OTTA

Fylkesmannen i Aust-Agder Gudbrandsdalen	Postboks 788 Stoa	4809	ARENDAL
Nærings- og fiskeridepartementet	Postboks 8090 Dep	0032	OSLO
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Postboks 8112 Dep	0030	OSLO
Riksrevisjonen	Postboks 8130 Dep	0032	OSLO
KS - Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
Norges Bondelag	Postboks 9354 Grønland	0135	Oslo
Norsk Bonde- og Småbrukarlag	Øvre Vollgt. 9	0158	OSLO
NORSKOG	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO

**Vedlegg: Fylkesvis fordeling av BU-midler til bedriftsretta støtte (IN)**

<b>Fylke</b>	<b>Bedriftsretta midlar, ekskl. bioenergi</b>	<b>Bedriftsretta midlar, bioenergi</b>	<b>Låneramme som grunnlag for rentestøtte</b>
Østfold	19,04	3,45	37,10
Akershus	16,39	2,47	29,90
Hedmark	33,79	4,44	76,90
Oppland	23,15	3,95	52,10
Buskerud	22,03	3,45	43,90
Vestfold	13,70	0,99	30,60
Telemark	16,69	0,99	32,00
Aust-Agder	12,27	0,49	24,10
Vest-Agder	14,23	0,49	28,10
Rogaland	35,02	0,99	67,40
Hordaland	26,22	0,49	58,00
Sogn og Fjordane	35,02	0,99	82,60
Møre og Romsdal	31,88	0,49	76,40
Sør-Trøndelag	31,72	2,47	68,00
Nord-Trøndelag	41,10	4,93	95,60
Nordland	30,97	0,49	72,00
Troms	21,04	0,49	54,00
Finnmark	14,69	0,49	38,00
<b>SUM</b>	<b>438,95</b>	<b>32,55</b>	<b>966,70</b>